



STORTINGET

Representantforslag 22 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken, Dag-Inge Ulstein, Tobias Drevland Lund, Une Bastholm og Birgit Oline Kjerstad

Dokument 8:22 S (2024–2025)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken, Dag-Inge Ulstein, Tobias Drevland Lund, Une Bastholm og Birgit Oline Kjerstad om å stanse tvangsreturar av asylsøklarar inntil ulovleg intervju praksis er endra i tråd med Tilsynsrådet for tvangsreturar og Trandum utlendingsinternat sine råd

Til Stortinget

Bakgrunn

Dei siste månadane har det vore fleire medieoppslag om kritikkverdig praksis i samband med tvangsreturar av lengeverande papirlause asylsøklarar som er internerte ved Trandum utlendingsinternat. Det har kome fram at Justis- og beredskapsdepartementet har invitert utanlandske delegasjonar til Trandum for at desse skal kunne utføre såkalla identitetsavklarande intervju med personar som oppheld seg i Noreg utan id-avklaring, og som har fått avslag på opphaldsløyve og asylsøknad. Advokatar og sivile organisasjonar har reagert på at dei internerte ikkje har fått ha advokat, tolk eller norsk politi til stades under intervju, som skjer i regi av styresmakter i landet dei har flykta frå for mange år sidan.

Tilsynsrådet for tvangsreturar og Trandum utlendingsinternat har reagert på praksisen og bedt Politidirektoratet om å sørge for at Politiets utlendingseining (PU) avsluttar denne praksisen, då tilsynsrådet meiner at det er ein ulovleg praksis – der er ikkje tilstrekkeleg heimel for delegasjonsbesøka slik dei blir gjennomførte. Tilsynsrådet meiner det ikkje er i tråd med norsk lov

at eit anna land får utøve mynde overfor dei internerte på norsk jord utan at det er tilstrekkeleg kontroll og notoritet frå norske styresmakter si side med det som blir gjort og sagt i desse intervju.

I eit brev til Politidirektoratet 21. oktober 2024 skriv Tilsynsrådet for tvangsreturar og Trandum utlendingsinternat at:

«Tilsynsrådet er ikke gitt innsyn i de avtaler som norske myndigheter skal ha inngått med Irak og Etiopia. Det er neppe grunn til å tro at norske myndigheter i slike avtaler har gitt utenlandske myndigheter vide fullmakter.

Det er ikke grunnlag for PUs lovtolkning. Trandum er ingen «utenriksstasjon». Forarbeidene som PU viser til underbygger ikke at den aktuelle bestemmelsen kan benyttes analogisk. PU har heller ikke svart på om lovtolkningen som er påberopt har kommet tidligere til skriftlig uttrykk, før rådets henvendelser. Rådet legger til grunn at dette må besvares avkreftende.

De internertes rettsikkerhet er tilnærmet ikke-eksisterende under de aktuelle samtaler. Som nevnt er norsk politi fraværende etter ønske fra den fremmede makt, og det er heller ikke gitt rett til advokat eller tolk. Det foreligger heller ikke tilstrekkelig notoritet om hva som er blitt sagt under samtaler.

De manglende rammene er svært problematisk uavhengig av i hvilken utstrekning det er mulig å identifisere konkrete krenkelser som har funnet sted under samtaler. Tilsynsrådet peker imidlertid på at det, som også er erkjent i PUs svar, ikke skal gis opplysninger om den internerte har søkt asyl. Ut fra sammenhengen som avhørene finner sted i, er det vanskelig å se at de internerte er gitt et reelt vern mot at det forekommer. Det må her også legges vekt på de underliggende hensyn som ligger til grunn for at slike opplysninger ikke skal utleveres. Vi nevner også at vi er kjent med at NRK i radio nyhetsmorgen 11. oktober 2024 har trukket frem et konkret tilfelle. Tilsynsrådet ber om at Politidirektoratet besørger at den aktuelle praksisen opphører. Rådet ber også at POD avklarer nærmere i hvor mange år praksisen har funnet sted.»

Forslagsstillarane ser svært alvorleg på praksisen som media, advokatar, Norsk organisasjon for flyktningar og asylsøkerer (NOAS) og øvrige sivilsamfunn har gjort kjent for oss, og meiner Stortinget bør reagere når Tilsynsrådet, som har god juridisk kompetanse, meiner at praksisen er ulovleg. Forslagsstillarane viser til svar på skriftleg spørsmål frå stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad om denne saka, jf. Dokument nr. 15:316 (2024–2025), der det verkar som om justis- og beredskapsministeren har lite vilje til å ta det politiske ansvaret ho har for å avklare situasjonen raskt for å sørge for grunnleggande rettstryggleik for sårbare menneske ved Trandum.

Forslagsstillarane meiner at sjølv om utlendingslova tydeleg pålegg asylsøklarar å samarbeide om identitetsavklaring, så ligg det ikkje til Justis- og beredskapsdepartementet og politiet å avgjere om utanlandske styresmakter skal kunne utøve mynde på norsk jord utan at norske styresmakter har kontroll på det som skjer.

I Noreg er det Grunnlova og lovgjevar som sett skrankar for å avgi suverenitet, og det er ikkje opp til regjeringa og deira underliggande etatar å gi andre land løyve til å utøve mynde på norsk jord utan at det er under kontroll av ansvarlege norske styresmakter.

Med bakgrunn i Etiopia og Irak sitt uryddige forhold til grunnleggande menneskerettar meiner forslagsstillarane det er umenneskeleg å utsetje dei internerte for desse delegasjonane si utøving av mynde utan at norsk politi eller asylantane sine advokatar har full kontroll på kva som skjer under delegasjonsintervjua.

Forslagsstillarane ber også om at tvungen framstilling for utanlandske delegasjonar og ambassadar blir lovregulert på lik linje med dei øvrige tvangstiltaka som er beskrivne i føresegne i utlendingslova om tvang, som husundersøkingar (§ 103), beslag (§ 104), fingeravtrykk (§ 100) m.m.

Så må framstilling for heimlandet sine myndigheter sjåast i samanheng med uttransportinstruksen, særskilt pkt. 3.3:

«3.3 Kontakt med heimlandets myndigheter

I forbindelse med verifisering og innreiseklarering hos heimlandets myndigheter må hensynet til diskresjon og taushetsplikt i særleg grad ivaretas overfor tidlige asylsøkerer. Det kan ikkje opplyses om at utlendingen(e) som uttransporteres tidlige har søkt beskyttelse i Norge. I kraft av utlendingsloven § 83 har utlendingen 'fra innreise og frem til korrekt identitet er registrert plikt til å medvirke til å avklare sin identitet i den grad utlendingsmyndighetene krever det. Utlendingsmyndighetene kan også senere pålegge utlendingen en slik plikt

dersom det er grunn til å anta at den registrerte identiteten ikke er riktig. En utlending kan ikke pålegges å medvirke til å avklare sin identitet på en måte som kommer i konflikt med behovet for beskyttelse.'

Samarbeidspart i forbindelse med klarering av innreise vil som regel være de lokale immigrasjonsmyndighetene, men slik klarering kan også tilligge annen myndighet. I utgangspunktet bør kontakt med heimlandets sikkerhets-/etterretningstjeneste så vidt mulig unngås. Ved all kontakt med utenlandske myndigheter må man være oppmerksom på hvilken myndighet og med hvem man snakker med, herunder ta i betraktning at en ikke alltid vet med sikkerhet hvem vi har med å gjøre eller hvor informasjon går videre.»

Det er derfor behov for å lovregulere tvungen framstilling for utanlandske delegasjonar og ambassadar.

Denne saka handlar ikkje om sjølv returspørmalet, interneringa, eller om asylantane si plikt til å samarbeide om identitetsavklaring, men om praksisen PU har drive, er i tråd med lov og menneskerettslege krav i norske institusjonar som er underlagde norsk lov og jurisdiksjon.

På bakgrunn av dette fremjar forslagsstillarane dette representantforslaget og ber om at det blir hastebehandla etter Stortingets forretningsorden § 39 andre ledd bokstav c.

Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremja følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa stanse tvangsreturar av lengeverande asylsøklarar frå Etiopia og av andre utlendingar som har blitt eller er planlagt framstilte for utanlandske styresmakter for identitetsavklaring på Trandum utlendingsinternat, til praksisen med avhøyr utan advokat, politi eller tolk til stades er endra i tråd med Tilsynsrådet for tvangsreturar sine klare råd i brev til Politidirektoratet av 21. oktober 2024.
2. Stortinget ber regjeringa sikre at den ulovlege avhøyrspraksisen ved Trandum utlendingsinternat blir stansa til nødvendige endringar i lovverket som sikrar at politiet ikkje gir frå seg jurisdiksjon til andre land i utledningsinternatet, er på plass, slik at Stortinget kan vere trygge på at dei internerte sin grunnleggande rettstryggleik, som no manglar, igjen er ivaretatt.

14. november 2024

Lars Haltbrekken
Tobias Drevland Lund

Dag-Inge Ulstein
Une Bastholm

Birgit Oline Kjerstad